



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Svanhild Aksnes, 5557 2160

Vår dato  
10.04.2014  
Dykkar dato  
24.01.2014

Vår referanse  
2014/1215 521.1  
Dykkar referanse

Liv Hopland v.d. Kooij  
Hoplandsvegen 141  
5918 FREKHAUG

### Svar på søknad om dispensasjon frå omsetningskravet i produksjonstilskot

Fylkesmannen viser til brev frå Meland kommune, datert 24. januar 2014, der kommunen tilrår dispensasjon og har lagt ved din dispensasjonssøknad av 19. januar 2014.04.10

#### Bakgrunn

Du har søkt produksjonstilskot i ein årrekkje. Dei siste åra har produksjonen vore noko lågare då du har hatt mindre arbeidskapasitet til å drive garden, dette grunna utdanning. Sesongen 2013 mista du mange lam av flåttrelatert sjukdom. Ein del lam vart og fôra over vinteren for å oppnå høgare vektor. Du har heller ikkje hatt kapasitet til å gjere klar ved for sal i 2013. På teljedato 1. januar 2014 disponerte føretaket 38 utegangarsau. Kommunen presiserer at du søker om dispensasjon frå omsetningskravet for tre søknadsomgangar, januar 2014, august 2014 og januar 2015.

#### Vurdering

For å kunne bli tildelt produksjonstilskot er det eit grunnvillkår at føretaket er registrert som meirverdiavgiftspliktig eller har hatt ei samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kroner 20.000,- i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdato, jamfør §3 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket av 22. mars 2002.

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå omsetningskravet. Husdyrhald er ein produksjon der innteninga vil variere etter beitekvalitet, mengd snyltarar og andre variable faktorar. Vi vurderer at slike årsvariasjonar ikkje gjev grunnlag for å innvilge dispensasjon. Vi vurderer at utdanning heller ikkje gjev grunnlag for å innvilge dispensasjon.

#### Vedtak

Fylkesmannen avslår din søknad om dispensasjon frå omsetningskravet i produksjonstilskot for føretaket Kooij v.d. Liv Hopland, org.nr. 969317923, for søknadsomgangane januar 2014, august 2014 og januar 2015. Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket av 22. mars 2002.

**Klagerett**

Du har rett til å klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet. Ein eventuell klage skal stilast til Statens landbruksforvaltning, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag  
Ass. Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes  
Fylkesagronom husdyr

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug